

## Styremøte SFSG 29.6.18 Fellekjøpet Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås og Solgun Haugen

Forfall: Thomas Manseth Bjørhovde, Jostein Flatland

### **Sak 26/18. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte**

Jo: Ingenting

Solgun: Ingenting

Ragnhild: Ingenting

Odd-Jarle: Møte gjetarhundnemnda 17.april

Thomas: Møte i avlsutvalet for sau

### **Sak 27/18. Oppdatert rekneskap**

Styret tok rekneskapet til orientering.

### **Sak 28/18. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa**

Avlsutvalet for sau – Har vore møte i avlsutvalet saman med Hordaland heima hjå Ove Holmås i Lindås. Hovudsaker på møte var innspel til Avlsmøte 11.juni, kåringar 2018 og dommarsamling. Det var òg mykje diskusjon rundt vurdering av værere som vert kjem inn til seminastasjonen jf vraking av værere.

Geitegruppa – ingen felles aktivitet sidan sist. Planen no er geitehelga til hausten.

Gjetarhundnemnda – styremøte 17.april. Konstituerte seg på nytt pga ny leiar i Sunnfjord og ytre sogn. Søknad norgesserien – nordfjord semifinale – fekk prøve etter NM -20-21.oktober. Diskuterte NM – få til i 2021 i SF. Team Sogn og Fjordane -Jan Kåre og Frode jobba vidare med ei helg til hausten. Vedtektene – dei enkelte skal levera sin vedtekter til Odd-Jarle. Auka minimumskvoten til 2 i staden for 1. Kurt Magne og Odd-Jarle lagar skriv til gjetarhundrådet. Arrangert kurs i Indre Sogn, Sunnfjord og Ytre Sogn. Prøve neste helg i Askvoll kl 1 og 2. Endra reglar kl 1 godkjenning på landsplan – meinar er vorte for lett. Vedteke at skal få laga til eit gjetarhundbevis.

Ammegeit gruppa – har so vidt kome i gang med å prøva og etablere gruppa. I utgangspunktet er det eit behov for ei slik gruppe og att folk til dels er interessert, men kanskje litt skremt av mjølkebøndene og att dei har litt annen problematikk og forholde seg til.

### **Sak 29/18. Leiarsamling 2018. Tidspunkt, stad og program. Fordeling av arbeidsoppgåver.**

Leiarsamlinga/Samling for tillitsvalde vert 26-27.oktober på Thon hotell Jølster på Skei.

Styret diskuterte forslag til program utanom dei vanlege postane som jordbrukstingingane og lokallaget sin time. Det vart fordelt arbeidsoppgåver.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

## Sak 30/18. Skriv om forskingsprosjekt hjortevilt – eventuell støtte

Det er kome eit skriv frå Sveinn Gudmundsson v. Veterinærinstituttet Sandnes ang deltaking og støtte til eit forskingsprosjekt som skal sjå på hjorten sin evne til å spreie parasitter som sau kan bli smitta av. I prosjektet skal det samlast inn og takast prøvar av løpeinnhald og avføringsprøvar på hjort. Det er ynskjeleg at SFSG går inn med økonomisk støtte og at søknaden om forskingsmidlar vert sendt inn via sau og geit. Hordaland sau og geit og Rogaland sau og geit har fått same brevet.

Styret i SFSG diskuterte problemstillinga.

Styret i SFSG vedtok at med dei opplysningane me har no so ser me ikkje nytteverdien av dette. Ser an kva dei andre fylka gjere. Dette er eit forskingsprosjekt på hjort og ikkje på småfe.

## Sak 31/18. «Strategi» for innspel til media i høve beitesesongen. Kva og kor tid?

Styret i SFSG diskutert kva innspel ein skulle ha i media i høve beitesesongen. Vart einige om at måtte få til noko på båndtvang. Elles ta ting etter kvart vist det skulle dukka opp noko me bør gripa tak i.

## Sak 32/18. Oppfølging «gamle saker».

- Tur til Færøyane
- Søknad FKT-midlar
  - o Lærdal og Holmedal har fått tilskot frå FMLA òg kan ikkje få av desse midlane.
  - o Har fått avklart at SFSG ikkje treng å bruka opp alle midlane no i 2018 – kan lysa ut att til neste år.
  - o Jølster får tilskot til å dekke utgiftene minus eigenandel i samband med kurs i sikringa av sau.
  - o Resten av midlane vert heldne att til neste år. Event til eit nytt kurs neste år.
- Oppfølging lokallag
  - o Fordelte dei lokallag som ikkje var fordelt på styremedlemmar for oppfølging

## Sak 33/18. Ymse

### a) Forespørsel om deltaking på grilling Holmadagen Balestrand 15.sept

Det er kome førespurnad frå Renate Rendedal i Balstrand Bondelag om NSG/SFSG kan stilla med grilling under Holmadagen i Balestrand 15.september.

Styret diskuterte førespurnaden og kom fram til at styret ikkje har moglegheit til å stilla. Oppfordrar lokallaga til å organisera dette. SFSG kan event ta kontakt med Nortura v. Torstein Dale bla for å høyra om det er mogleg for lokallag å ta kontakt utover året . Lokallag stått som arrangør på grillaksjonar tidlegare i somar og ikkje SFSG.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

b) Kontakt frå Eikefjord ang problem med Findmy

Ragnhild har fått telefon frå leiar i Eikefjord Sau og Geit ang problem med Findmy bjeller og problem med svar/hjelp frå support no i 2018.

De er mange bjøller som ikkje fungerer i år. Arrogante når ringer support. Får beskjed om at er 1 års garanti og brukarfeil.

Styret var eininge om at me må høyra om NSG har høyrte noko om dette. Høyra om dei kan ta tak i dette. Sender førespurnad til NSG. Felles framstøyt.

c) Kurs for unge bønder

Jo tek kontakt med bondelaget for å få til eitt kurs i samarbeid med dei.

Referent; Solgun Haugen